



Ot.prp. nr. 61

(1999-2000)

Om lov om endringar i lov 17. juli 1953
nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli
1953 nr. 29 om verneplikt (heving av
aldersgrenser for militær teneste)

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 2. juni 2000, godkjend
i statsråd same dagen.*

1 Hovudinnhald i proposisjonen

Forsvarsdepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringar av heimevernslova og vernepliktslova. Endringane inneber eit absolutt lovforbod mot *tvungen* rekruttering av barn under 18 år til alle former for teneste i Forsvaret i fredstid, under beredskap og i krigstid. Vidare føreslår departementet eit lovforbod mot *frivillig* rekruttering til opplæring og deltaking i stridsrelatert verksemd, dvs. til verksemd som er knytt til det å føre militær strid. Ein foreslår og at frivillig personell under 18 år straks skal fritakast for teneste dersom riket er i krig eller krig truar, eller Forsvaret eller nokon del av det er beordra sett på krigsfot.

Føremålet med lovframlegget må ein sjå i lys av det internasjonale arbeidet som går føre seg for effektivt å hindre at barn under 18 år vil delta i krigshandlingar. FN sin barnekonvensjon forbyr rekruttering og bruk av barn under 15 år i væpna konflikt. Reglane i Barnekonvensjonen gjeld elles for personar under 18 år, og mange meiner difor at aldersgrensa bør hevast til 18 år også når det gjeld rekruttering og deltaking i væpna konflikt. Ei arbeidsgruppe nedsett av FN sin menneskerettskommisjon har sidan 1994 freista å utarbeide eit utkast til tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen der ein hevar aldersgrensene for rekruttering og deltaking i væpna konflikt. Målet for ein del statar, mellom dei Noreg, var å få ei generell aldersgrense på 18 år for både deltaking i væpna strid, tvungen militær rekruttering og frivillig rekruttering (den såkalla «straight 18»-standarden). For mange statar var dette likevel problematisk. Forhandlingane har difor vore vanskelege, men partane vart likevel samde om eit utkast til tilleggsprotokoll under eit møte i arbeidsgruppa i Genève i januar 2000. Protokollen vart deretter vedteken i FN sin menneskerettskommisjon 26 april 2000, og ein planlegg å vedta protokollen og opne for undertegning på ein spesialsesjon av FN si Generalforsamling i juni d.å. I protokollen vert aldersgrensa for tvungen rekruttering og for direkte deltaking i strid heva til 18 år, medan aldersgrensa for frivillig rekruttering skal fastsetjast av den einskilde staten (likevel minimum 16 år).

Problematikken kring barnesoldatar vert også drøfta i andre internasjonale fora. Sommaren 1999 vart det til dømes vedteke ein ILO-konvensjon om dei verste former for barnearbeid. I konvensjonen er det teke inn ein regel om at tvungen/obligatorisk rekruttering av barn under 18 år for bruk i væpna konflikt skal reknast som ei av dei verste formene for barnearbeid.

Noreg nyttar korkje i fredstid (med nokre få unntak, sjå pkt. 4 nedanfor) eller har planar i tilfelle beredskap og krig, om å bruke soldatar som ikkje har fylt 18 år. Men norsk lovgjeving opnar likevel for å kunne rekruttere barn heilt ned i 16 års alderen, sjå pkt 4 nedanfor. Dersom Noreg endrar lovgjevinga på desse punkta, vil dette vere eit viktig signal om at Noreg støttar det internasjonale arbeidet for å heve aldersgrensa for rekruttering til væpna styrkar. Proposisjonen her tek difor dels sikte på å endre norsk lovgjeving slik at ein ligg i forkant av utviklinga mot dei komande nye reglane i folkeretten om aldersgrenser for rekruttering av barn til væpna styrkar og for barns deltaking i strid. Samstundes tek proposisjonen sikte på å endre norsk lovgjeving slik at

den ikkje vil vere i strid med ILO-konvensjon nr. 182 om dei verste formene for barnarbeid.

Departementet meiner dessutan at lovendingane bør gjerast uansett, uavhengig av det internasjonale arbeidet i FN-regi. Grunnen er at heimevernslova og vernepliktslova i krig gjev Forsvaret heimlar til å rekruttere barn ved tvang heilt ned i 16 års alderen, heimlar som det ikkje lenger er aktuelt å bruke.

Lovframlegget tek ikkje sikte på fullt ut å blokkere for at personar som ynskjer dette, kan gjere teneste i, eller på annan måte ha ei formalisert tilknytning til Forsvaret før dei har fylt 18 år. Framlegget tek likevel sikte på å hindre at personar under 18 år vert øvd i stridsrelaterte greiner (dvs. greiner som direkte er relaterte til kamphandlingar) eller at dei får høve til å delta i stridsrelatert verksemd, både i fred, krise og krig. Slik vil ein sikre at barn i tilfelle væpna konflikt ikkje vil bli utsett for direkte strid som følgje av teneste i, eller med anna tilknytning til, Forsvaret. Ingen personar under 18 år vil etter framlegget vere å rekne som medlemmer av landets væpna styrkar.

Forslaga vil ikkje få administrative eller økonomiske konsekvensar. Dei vil heller ikkje få konsekvensar for beredskapssituasjonen.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

Arbeidet for å hindre bruk av barnesoldatar har lenge stått på den internasjonale dagsorden, men problemstillinga har vorte endå meir fokusert på dei siste par åra. Problemet med å rekruttere barn til ulike former for væpna styrkar, til dømes til ikkje-statlege opprørsgrupper, er omfattande og stigande. Dette gjeld i den seinare tida ikkje minst interne konflikhtar, særleg i den «tredje verda» (i DR. Kongo, Liberia, Rwanda, Sierra Leone, Sri Lanka, etc.), der barn har delteke som meir eller mindre regulære soldatar. I følgje ein rapport frå Redd Barna frå 1996 deltek ein kvart million mindreårige - nokon av dei berre sju år gamle - i krigshandlingar kvart år (i 1995 i 33 konflikhtar i 26 land). I følgje ein nyare rapport frå Amnesty International frå 1998, *Children In The Firing Line*, er i dag minst 300 000 barn over heile verda aktive som soldatar i krig. Ein del av desse barna er meir eller mindre frivillig vorte soldatar, ein del andre er blitt rekruttert gjennom tvang. Omfanget og auken i talet barnesoldatar vert stadfesta i Redd Barnas rapport frå 1998, «*Barn - de usynlige soldater*».

Barn er særleg utsett i væpna konflikhtar. Frå 1980 til 1995 vart i gjennomsnitt 365 barn drepne kvar dag som følgje av krigshandlingar. Antipersonell-miner drep og sårar 800 barn i månaden. Enda fleire lid av traume relaterte til krig. Den lette tilgangen til, og omfattande bruken av, handvåpen i moderne krigføring bidreg til den auka valdsbruken. Desse våpna er lette å lære å bruke, og dei er lette å bere. Det gjer det også enklare å rekruttere barn til soldatar. Forsvarsdepartementet viser her til tidlegare Utviklings- og menneskerettsminister Hilde Frafjord Johnson si utgreiing til Stortinget 21. januar 1999 om humanitær bistand.

FN sin barnekonvensjon av 20. november 1989 artikkel 38, tilleggsprotokoll I til Genèvekonvensjonane av 1949 (gjeldande i internasjonale væpna konflikhtar), artikkel 77 og tilleggsprotokoll II til Genèvekonvensjonane av 1949 (gjeldande i ikkje-internasjonale væpna konflikhtar) artikkel 4 nr. 3 (d), omhandlar spørsmålet om forbod mot rekruttering til og bruk av barn i væpna styrkar. Etter tilleggsprotokoll I til Genèvekonvensjonane, artikkel 77, skal partane i ein væpna konflikt mellom anna treffe eitkvart mogleg tiltak for å hindre at barn som ikkje har fylt 15 år deltek direkte i strid, og særleg skal dei avstå frå å rekruttere slike barn til sine væpna styrkar. Den same forpliktinga går fram av Barnekonvensjonen artikkel 38 nr. 2 og 3. Ein del statar gav einsidige erklæringar då dei ratifiserte Barnekonvensjonen om at dei ikkje vil rekruttere barn under 18 år til deira væpna styrkar. Noreg har ikkje avgitt en slik erklæring.

Etter gjeldande folkerett skal statane vidare, ved rekruttering av personar mellom 15 og 18 år, sikre at dei eldste vert prioriterte ved inntak, jf. Barnekonvensjonen artikkel 38 nr. 3 og tilleggsprotokoll I til Genèvekonvensjonane artikkel 77 nr. 2.

For interne konflikhtar si vedkomande (ikkje-internasjonale væpna konflikhtar), gjeld tilleggsprotokoll II til Genèvekonvensjonane. Artikkel 4 nr. 3 bokstav c i konvensjonen lyder: «Barn skal gis den omsorg og hjelp som de behøver, og i særdeleshet skal barn som ikke har fylt femten år, ikke rekrutteres til

de væpnede styrker og heller ikke tillates å ta del i fiendtligheter.» For ikkje-internasjonale væpna konflikhtar er det ikkje nokon motsvarande regel om at dei eldste blant 15-18-åringane skal prioriterast ved uttak, men ein meiner at Barnekonvensjonen artikkel 38 også vil gjelde i interne konflikhtar som har ein slik intensitet eller er av ein slik karakter at tilleggsprotokoll II til Genèvekonvensjonane gjeld.

Medan det i internasjonale væpna konflikhtar gjeld ein regel om at partane berre skal hindre at barn som ikkje har fylt 15 år deltek *direkte* i strid, gjeld det i interne konflikhtar ein regel om at ein ikkje skal tillate barn å delta i strid, uten at ein gjer nokon skilnad på direkte og indirekte deltaking. Etter ordlyden i konvensjonsreglane har ein difor, sannsynlegvis utilsikta, kome i den situasjonen at barn i dette høve er betre verna i interne konflikhtar enn i internasjonale konflikhtar.

Etter statuttane til Den internasjonale straffedomstolen, jf. St. prp. nr 24 (1999-2000) «*Om samtykke til ratifikasjon av vedtektene av 17 juli 1998 for Den internasjonale straffedomstol*», vert mellom anna dei følgjande handlingane rekna som krigsbrotsverk i internasjonale og ikkje-internasjonale væpna konflikhtar:

«Conscripting or enlisting children under the age of fifteen years into the national armed forces or using them to participate actively in hostilities» (artikkel 8 nr. 2 b xxvi), og «Conscripting or enlisting children under the age of fifteen years into armed forces or groups or using them to participate actively in hostilities» (artikkel 8 nr. 2 e vii).

Barnekonvensjonen artikkel 1 definerer i utgangspunktet barn som eitkvart menneske under 18 år. Barns rettar omfattar mellom anna retten til liv og dei grunnleggjande rettar til mat, heim og helse. Barn har rett til utvikling gjennom lek og utdanning, og rett til vern mot alle former for overgrep, utbytting og omsorgssvikt. Arbeidet med å endre det internasjonale regelverket om aldersgrenser for soldatar heng såleis saman med den skilnaden det er mellom barns rettar i fred og i krig. Ein kan og seie at det på dette området er ein skilnad mellom menneskerettane og krigens folkerett (internasjonal humanitær rett). Det er vidare utført omfattande undersøkingar om dei alvorlege psykologiske skadane som råkar barn som har teke del i krigshandlingar. Å verte påført slike skadar strid mot barns rett til vern mot alle former for overgrep. Ein kan difor hevde at det er eit stort problem både faktisk og rettsleg at barn har mindre rettar og dårlegare vern under væpna konflikhtar enn elles, når ein tek omsyn til at væpna konflikhtar nærast per definisjon representerer situasjonar der barns rettar og vern vert utsett for ein større fare enn elles.

Det er på denne bakgrunn eit ønskje om å styrke barns rettar i væpna konflikhtar og stanse vervinga av barn til soldatar. Fleire statar og internasjonale organisasjonar meiner mellom anna at den absolutte aldersgrensa på 15 år etter gjeldande folkerett er sett for lågt og difor bør hevast til 18 år.

Ei internasjonal arbeidsgruppe leidd av Sverige under FN sin menneskerettskommisjon har på bakgrunn av dette arbeidd for å kome fram til ein tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen om barns rettar i væpna konflikhtar (*Optional Protocol to the Convention on the Rights of the Child on Involvement of Children in Armed Conflicts*). Heving av aldersgrensa har stått sentralt i dette arbeidet. Noreg har vore representert i arbeidsgruppa ved Utanriksde-

partementet. Sidan 1994 har arbeidsgruppa hatt seks sesjonar i arbeidet med å forhandle fram denne tilleggsprotokollen. Arbeidet var prega av at fleire land har store problem med ei 18 års grense, og det var difor vanskeleg å kome fram til eit kompromiss. Dette skuldast ikkje berre problem og uvilje frå land der problemet med barnesoldatar er stort, men også problem for vestlege land på grunn av nasjonale lovverk og praksis kring aldersgrenser for rekruttering til dei væpna styrkane. Dette gjeld sjølv om vestlege lands bruk av 17 år gamle rekruttar generelt har ein heilt annan karakter enn dei overgrepa som barnesoldatar i konfliktar i den tredje verda vert utsett for. USA og Storbritannia mellom andre har gitt uttrykk for sterk skepsis til ei rein 18 års grense, av di dette vil kunne skape problem for rekruttering av personell til deira væpna styrkar.

Alle dei nordiske landa har støtta arbeidet for ein tilleggsprotokoll som byggjer på ei 18 års grense for både frivillig og tvungen rekruttering, samt deltaking i væpna konfliktar. Under det nordiske utanriksministermøtet i Reykjavik på Island 29. august 1999 vart det vedteke ei nordisk erklæring om barnesoldatar («Egilstadir-erklæringa»), der det mellom anna heiter at dei nordiske landa er «determined to have an optional protocol stipulating that State Parties shall ensure that persons below the age of 18 years are not recruited into their armed forces nor allowed to take any part in hostilities.»

Organisasjonen for afrikansk einskap (OAU) vedtok på sitt ministermøte i oktober 1997 å fordømme rekruttering og utskriving av barn under 18 år. I OAU sitt «*African Charter on the Rights and Welfare of the Child*» gjev artikkel 22 ein «rein 18»-standard.

EU-parlamentet vedtok vidare den 21. desember 1998 ein resolusjon som støtta vedtakinga av ein tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen som forbyr rekruttering til væpna styrkar og deltaking i væpna konfliktar for barn under 18 år.

Den 26. internasjonale konferansen for Raudekrossen- og Raude Halvmånerørsla vedtok i desember 1995 ein resolusjon som oppmodar partane i væpna konfliktar til å «refrain from arming children under the age of 18 years and to take every feasible step to ensure that children under the age of 18 years do not take part in hostilities.» Den internasjonale Raudekrossen Komitéen (ICRC) har også engasjert seg aktivt, og har mellom anna gått inn for å heve minimumsalderen til 18 år, både når det gjeld tvungen og frivillig rekruttering.

På bakgrunn av at arbeidet i Genève med ein tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen i lengre tid hadde liten framgang, har Raudekrossen- og Raude Halvmånerørsla vidare utarbeidd ein handlingsplan for å fremje prinsippet om at barn under 18 år korkje skal rekrutterast som stridande til militære styrkar eller delta i væpna konfliktar. Gjennomføringa av handlingsplanen vert overvaka av ei gruppe nasjonale Raudekrossen-organisasjonar under svensk leiing. Denne problematikken sto også sentralt på dagsordenen til den 27. internasjonale Raudekrossen-konferansen i 1999. I konferansen sin handlingsplan heiter det mellom anna at Raudekrossen-føderasjonen og dei nasjonale organisasjonane vil halde fram arbeidet med å «promote the principle of non-recruitment and non-participation of children below the age of 18 years in armed conflicts.»

Ei rekkje frivillige organisasjonar (mellom andre Amnesty International, Human Rights Watch, International Federation Terre des Hommes, International Save the Children Alliance, Jesuit Refugee Service og the Quakers) gjekk i juni 1998 saman i ein koalisjon (*The Coalition to Stop the Use of Child Soldiers*), som tok initiativ til å intensivere arbeidet. Koalisjonen ser seg som eit supplement til FN si arbeidsgruppe. Den laga mellom anna ein alternativ tekst til tilleggsprotokoll og har arrangert regionale møte der statar har delteke, for å få meir merksemd kring rekruttering og bruk av barnesoldatar. I den såkalla Maputo-erklæringa frå *the African Conference on the Use of Children as Soldiers*, som koalisjonen arrangerte 19.-22. april 1999 i Maputo i Mozambique, heiter det mellom anna at «the use of any child under 18 years of age by any armed force or armed group is wholly unacceptable, even where that child claims or is claimed to be a volunteer.»

Liknande konferansar har også mellom anna vore arrangerte i Latin-Amerika og Europa. Den latinamerikanske konferansen munna ut i Montevideo-erklæringa av 8. juli 1998, der det mellom anna vert uttrykt at landa i Latin-Amerika og Karibia «(c) considers it a priority aim to achieve the eradication of forced or voluntary recruitment of children under 18 years of age by the armed forces and any armed group, or their use for direct or indirect participation in international and non-international armed conflict, as well as in situations of internal violence.» Den europeiske konferansen munna ut i den såkalla Berlin-erklæringa, der konferansen sine deltakarland og dei andre deltakarane

«(s)olemnly declares their commitment to establish international standards that prohibit all participation in armed conflict of persons under 18 years», og «(c)all on European States who currently recruit under-18s to consider raising their recruitment age to at least 18 years and in the meantime to give priority to the oldest in accordance with Article 38(3) of the Convention on the Rights of the Child.»

Noreg har stilt seg positiv til koalisjonen sitt arbeid og har, på lik linje med fleire andre land, mellom andre Sverige, støtta koalisjonen økonomisk.

Den 17. juni 1999 vart det etter internasjonale forhandlingar i Genève vedteke ein ILO-konvensjon om forbod mot og umiddelbare tiltak for å avskaffe dei verste formene for barnearbeid (*Convention concerning the Prohibition and Immediate Action for the Elimination of the Worst Forms of Child Labour*). Spørsmålet om barnesoldatar sto sentralt under forhandlingane. Det var eit fleirtal for at barnesoldatar skulle verte omfatta av konvensjonen, men det var ulike syn på om det burde vere eit totalforbod, eller om ein skulle opne for frivillig rekruttering av barn under 18 år til deltaking i væpna konflikter. Noreg var her mellom dei landa som ønska eit totalforbod. Mange utviklingsland, samt arbeidstakargruppa, ønskte det same. Fleire vestlege land som baserer seg på verving av barn under 18 år til dei væpna styrkane stilte seg likevel kritiske til eit totalforbod. I løpet av forhandlingane om ei «pakkeløysing» modifiserte fleire av landa samt arbeidstakargruppa sine synspunkt. Noreg, saman med fleire andre land, arbeidde aktivt for å få så strenge restriksjonar som råd i dette spørsmålet. For ikkje å stå i vegen for å vedta konvensjonen ved konsensus, aksepterte Noreg likevel det kompromisset som vart forhandla fram (artikkel 3 bokstav a), som mellom anna seier at tvungen eller obligatorisk rekruttering av barn under 18 år for bruk i væpna konflikt («forced or com-

pulsory recruitment of children for use in armed conflict») skal reknast som ein av dei verste former for barnarbeid. Regelen vart av mange land sett som eit første steg på vegen mot eit sterkare internasjonalt regelverk på dette området. Det vart samstundes oppmoda til å føre vidare arbeidet og diskusjonen i FN sine forhandlingar om ein tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen.

Parallelt med det internasjonale arbeidet for å styrkje folkeretten på området, er fokus også sett på dei einskilde landa sine nasjonale lovverk og praksis med omsyn til rekruttering og bruk av personell under 18 år i dei væpna styrkane.

Under Lysøen-paraplyen gjennomførde Canada, Noreg og Sverige som vertskap eit seminar med andre vestlege land for å sjå på ulike problemstillingar omkring endring av nasjonalt lovverk (*Workshop on the Military Age of Recruitment and Exposure to Hostilities*). Seminaret vart gjennomført i Ottawa 11.-12. mai 1999. Målet var å utveksle informasjon og drøfte eventuelle felles problemstillingar og nasjonale forslag til løysingar om lovendringar og endringar i administrative prosedyrar o.l. Ei rekkje land undersøker for tida ulike opsjonar for å endre sine regelverk, for å samordne desse med eit eventuelt sterkare vern gjennom tilleggsprotokollen til Barnekonvensjonen. Dette gjeld spesielt reglar som vil setje aldersgrensa til 18 år for så vidt gjeld frivillig og tvungen rekruttering til militærtjeneste og forbod mot å utsetje barn under 18 år for deltaking i kamphandlingar («hostilities») - den såkalla «rein 18»-standarden («straight 18 standard»). Globalt sett er det 89 statar som i sine interne regelverk oppfyller denne standarden, i følgje ei oversikt per januar 1999 utarbeidd av *The Coalition to Stop the Use of Child Soldiers*. Talet kan vere høgare, av di koalisjonen manglar informasjon frå meir enn 30 statar.

Både Sverige og Danmark har i løpet av dei seinaste åra endra sine nasjonale regelverk for å oppfylle 18 års standarden.

Sjølv om arbeidet med å styrkje folkeretten ikkje har størst praktiske konsekvenser for dei vestlege landa, bør dei vestlege landa vise vilje til å gjere endringar av eigne lovverk. På denne måten kan ein lettare oppnå forståing hjå dei landa som systematisk brukar barn og ungdom under 18 år i sine væpna styrkar. Også vestlege land som ikkje sjølve kjenner problem med bruk av barn i væpna konflikt bør difor vere positivt innstilte til å endre sitt nasjonale lovverk i denne retninga.

3 Om høyringa

Forsvarsdepartementet sendte 30. august 1999 lovutkastet på høyring til følgjande instansar, med høyringsfrist til 1. desember 1999:

- Akademikerne
- Akademikernes Fellesorganisasjon
- Amnesty International
- Barneombodet
- Befalets Fellesorganisasjon
- Den Norske Advokatforening
- Den norske Atlanterhavskomiteé
- Departementa
- Det Frivillige Skyttervesen
- Flyktningsrådet
- Folk og Forsvar
- Forsvarets bustadteneste
- Forsvarets bygningstjeneste
- Forsvarets forskingsinstitutt
- Forsvarets overkommando
- Forsvarets Sivile Tjenestemenns Landsforbund
- Kommunenes sentralforbund
- Krigsskoleutdannede offiserers landsforening
- Landsorganisasjonen i Norge
- Landsrådet for Heimevernet
- Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
- Landsutvalget for tillitsvalgte i Forsvaret/Sekretariatet (LTF/S)
- Likestillingsombodet
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Norges Forsvarsforening
- Norges Offisersforbund
- Norske Reserveoffiserers Forbund
- Norsk Tjenestemannslag
- Raudekrossen i Noreg
- Redd Barna
- Stortingets ombodsmann for Forsvaret
- UNICEF-komiteén i Norge
- Universitetet i Oslo/Institutt for menneskerettigheter
- Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Følgjande instansar gav høyringsuttalingar:

- Akademikerne
- Amnesty International
- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Barne- og familiedepartementet
- Barneombodet
- Den Norske Advokatforening
- Det Frivillige Skyttervesen
- Finansdepartementet
- Fiskeridepartementet

Om lov om endringer i lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt
(heving av aldersgrenser for militær teneste)

- Flyktningerådet
- Forsvarets bustadteneste
- Forsvarets forskingsinstitut
- Forsvarets overkommando
- Justisdepartementet
- Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Landbruksdepartementet
- Landsorganisasjonen i Norge
- Landsrådet for Heimevernet
- Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
- Likestillingsombudet
- Miljøverndepartementet
- Norges Forsvarsforening
- Norges Offisersforbund
- Norske Reserveoffiserers Forbund
- Nærings- og handelsdepartementet
- Raudekrossen i Noreg
- Samferdselsdepartementet
- Sosial- og helsedepartementet
- Stortingets ombodsmann for Forsvaret
- Utanriksdepartementet

4 Reglane i Heimevernslova og vernepliktslova

Både heimevernslova og vernepliktslova, med utfyllande føresegner, opnar for å rekruttere personar i aldersgruppa 16-18 år til Forsvaret under visse føresetnader.

Menn og kvinner kan takast inn som frivillige i Heimevernet dersom dei har fylt 16 år, jf. heimevernslova § 5 første ledd første punktum. I ei føresegn til lova (Kgl. res. 30. april 1999 nr. 431) er det mellom anna fastsett at frivillige kan takast inn som HV-ungdomar frå den dagen dei fyller 17 år, og som aspirantar frå den dagen dei fyller 16 år.

Vernepliktslova § 3 fastset den generelle aldersgrensa for verneplikt til 1. januar i det året ein mann fyller 19 år. I § 4 er det likevel fastsett at dersom riket er i krig eller krig truar, kan Kongen bestemme at verneplikta skal starte i utskrivingsåret, det vil seie det året vedkomande fyller 18 år, jf. § 20 første ledd. Dette inneber at det i prinsippet er mogleg med tvungen rekruttering av 17-åringar. Det same går fram av § 5 om oppsetting av krigsforsterking. I krigsforsterkinga er ein kvar mann som er dugeleg til teneste og som ikkje tilhøyrar det faste oppbod, pliktig til teneste frå og med det året han fyller 18.

Nokre 16-åringar kan etter lovgivinga rekrutterast etter samtykke frå den einskilde. Den som enno ikkje har vorte pliktig til utskriving, kan såleis etter nærare reglar gjevne av Kongen likevel få tillating til utskriving, likevel ikkje tidlegare enn frå 1. januar i det år han fyller 17, jf. vernepliktslova § 20 anna ledd. Kongen treffer nærare reglar om frå kva for tidspunkt verneplikta trer inn for personar som etter eiga ønskje vert skrivne ut under omsyn til § 20 andre ledd (sjå § 4 andre ledd). I ei føresegn til vernepliktslova (Kgl. res. 22 november 1991 nr. 855) er det fastsett at menn under vernepliktig alder, som etter søknad får innvilga framskoten teneste, vert vernepliktige frå og med fordelinga, men tidlegast frå 1. januar det år dei fyller 18. Av dei om lag 17 000 soldatane som årleg vert tekne inn i Forsvaret som ordinære vernepliktige, er gjennomsnittleg færre enn 100 av desse personar som enno ikkje har fylt 18 år når tenesta startar. Mellom anna finn ein ombord på nokre av Sjøforsvaret sine fartøy lærlingar under 18 år som har inngått kontrakt med Forsvaret.

Menn som vert tekne inn som frivillige i militære stillingar eller som elevar ved militære skular før den ordinære alderen for verneplikt, er vernepliktige frå og med det tidspunkt dei vert tekne inn, jf. vernepliktslova § 4 tredje ledd. I føresegna til lova er det bestemt at menn under vernepliktig alder som søker opptak ved militære skular, vert vernepliktige frå og med opptaket, likevel tidlegast frå 1. januar det år dei fyller 17.

Reglane i heimevernslova og vernepliktslova opnar med andre ord for at Noreg, i tillegg til å rekruttere barn, også kan utskrive barn til aktiv krigsteneste. Ein ting er rett nok dei formelle heimlane, ei anna sak er den praksis og den haldning Forsvaret har når dei skal velje ut personell. Haldninga, som også er nedfelt i Forsvaret sitt planverk, er at desse heimlane ikkje er førebudde, eller vil bli nytta med sikte på rekruttering av personar under 18 år, sjølv ikkje ved ei eventuell mobilisering. Det er likevel etter departementet sitt

Om lov om endringar i lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt
(heving av aldersgrenser for militær teneste)

syn uheldig at det ligg føre eit slikt misforhold mellom dei formelle heimlane
og gjeldande praksis og planverk.

5 Regelverket for deltaking i internasjonale fredsoperasjonar

Når det gjeld deltaking i internasjonale fredsoperasjonar, viser departementet til føresegn om tenestegjering i internasjonale fredsoperasjonar (kgl. res. 11 september 1998 nr. 870), som er fastsett med heimel i lov 23. februar 1996 nr. 9 om tenestegjering i internasjonale fredsoperasjonar. Lova med føresegner trådde i kraft 1. januar 1999. Føresegna sin § 4 første ledd bestemmer at personellet *skal* vere fylt 18 år og *bør* vere fylt 19 år ved tidspunktet for utsending.

Departementet vil samtidig understreke at denne føresegna gjev uttrykk for *minimumsreglar*, og at den norske haldninga ved utsending til FN-operasjonar er i samsvar med den haldninga som generalsekretæren i FN har teke til orde for, nemleg at dei som gjer teneste bør ha fylt 21 år ved deltaking i slike operasjonar, og at militære observatørar ikkje bør vere under 25 år.

6 Særleg om heimevernsungdomen

Eit forbod mot *tvungen* rekruttering av personar under 18 år vil ikkje vere nok til å hindre *andre* former for rekruttering av barn til dei væpna styrkane. Det har difor vore drøfta internasjonalt om ikkje eit forbod bør gjelde alle former for rekruttering til militærteneste - både tvungen og frivillig rekruttering, sjå pkt. 2 ovanfor, og etter den nye tilleggsprotokollen til Barnekonvensjonen skal partane gje ei bindande erklæring om kva for aldersgrense (16, 17 eller 18) dei vil forhalde seg til. I tråd med Noregs haldningar under det internasjonale arbeidet, er det truleg at Noreg vil forplikte seg til å ha eit forbod mot frivillig rekruttering av personer under 18 år. Dette kan i prinsippet tenkjast å skape eit særproblem i forhold til heimevernsungdomen (HV-ungdomen) her til lands.

Gjennom handsaminga av Ot. prp. nr. 9 (1986-87) og Innst. S. nr. 21 (1986-87) slutta Stortinget seg til ei ordning der ungdom mellom fylte 16 år og fylte 17 år kan takast inn som aspirantar til HV-ungdomen.

Heimevernet er ein del av det militære forsvaret, jf. heimevernslova § 1, og ein driv her såleis med øving og utdanning i militære disiplinar. Aspirantar får opplæring på finkalibra våpen (kaliber .22), medan eldre HV-ungdom får opplæring på modifisert AG-3 (våpenet kan berre skyte enkeltskot).

Frå internasjonale fora kjenner ein at det kan være problematisk å forklare dei positive sidene og særtrekka ved den norske ordninga. Etter føresegn 30. april 1999 nr. 431 til lov om Heimevernet, skal ikkje HV-ungdom, mellom desse HV-aspirantar, mobiliseringsdisponerast eller gjevast oppdrag av nokon art ved mobilisering. Dei er ikkje innrullerte som vernepliktige, og dei skal ikkje ha nokon operativ rolle eller andre oppgåver i beredskap, krise eller krig.

HV-aspirantar, dvs. ungdom under 17 år, skal ikkje drive nokon form for stridsrelatert verksemd, det vil seie verksemd som opplæring i militære strids- og våpenteknikkar, deltaking i felttenesteøvingar der stridselementet er ein vesentleg del og liknande operativ verksemd. Sjå elles pkt. 9 under merkna-dene til heimevernslova § 6. Det er ikkje heller mogleg å kvittere ut våpen eller ammunisjon til HV-ungdom.

Det dreier seg kort sagt om ungdom som driv friluft- og fritidsaktivitetar av sportsleg art med militære innslag. HV-ungdomsarbeidet skal tene så vel ungdomen som Forsvaret og det sivile samfunnet sine interesser. Føremålet med verksemda er å lære ungdomen verdien av orden, ansvarskjensle, plikt-truskar og godt kameratskar gjennom dugande og ansvarsmedviten leing. Målet er og å aktivisere dei gjennom opplæring, øvingar, konkurransar og samlingar, og å gje dei ei orientering om Forsvaret og Forsvaret sin plass i samfunnet.

Ein fører streng kontroll med personell som vert tekne inn i Heimevernet, også aspirantar. Alle som vert tekne inn til teneste, er vurderte av ei kommunal HV-nemnd med mellom anna representasjon frå den lokale politimakta. HV-aspirantar får ikkje utlevert vanleg militær uniform.

Med bakgrunn i den såkalla Hadelandssaka og ein del tjuveri av våpen frå Heimevernet sine lagre, vart det i 1981 fremja forslag i Stortinget om å endre aldersgrensa for rekruttering til Heimevernet. Framlegget førte likevel ikkje

fram. Det er også grunn til å understreke at Hadelandssaka i svært liten grad kunne knytast til ungdomsverksemda i Heimevernet. Som nemnd ovanfor slutta Stortinget seg til dei noverande aldersgrensene i 1987. Ein la då mellom anna vekt på at ein kunne rekruttere ungdomane rett etter avslutta grunnskule. Spørsmålet om å heve aldersgrensa vart seinast teke opp i spørjetimen i Stortinget 21. februar 1996, etter ei ulukke med ein øvingsgranat i Kvinesdal, der det vart påstått at HV-ungdomar var involverte.

Eit framlegg om å endre aldersgrensa for opptak til ungdomsheimevernet vil truleg møte sterk og kjenslelada motstand. Spørsmålet må også vurderast i lys av røynsleane frå Den andre verdskrigen, som la grunnlaget for Heimevernet samt den norske tradisjonen med frivillige skyttarlag, jakt og sportsleg bruk av våpen. Heimevernet har med andre ord ei brei folkeleg støtte. Dette er også reflektert i samansettinga av Landsrådet for Heimevernet.

7 Forslag om å heve aldersgrensene for militær tenestegjering

Etter Forsvarsdepartementet si vurdering bør det gjerast endringar av heimevernslova og vernepliktslova, slik at lovverket oppstiller eit absolutt og generelt forbod mot tvungen rekruttering av barn under 18 år til Forsvaret i fred, beredskap og krig, samt eit tilsvarande forbod mot frivillig rekruttering til stridsrelatert verksemd eller anna deltaking i væpna konflikstar. Departementet kjem i proposisjonen med framlegg om dette. Dette vil harmonisere norsk lovgiving med dei nye internasjonale folkerettsinstrumenta på området, og gje eit viktig signal om at Noreg følgjer opp det internasjonale arbeidet for å heve aldersgrensa for rekruttering til væpna styrkar eller andre krigførande partar. Lovendringane vil truleg ikkje få korkje økonomiske konsekvensar eller konsekvensar for beredskapen.

Følgjande høyringsinstansar gav uttrykk for at dei ikkje har merknader til lovendringsframlegga: *Akademikerne, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Finansdepartementet, Fiskeridepartementet, Forsvarets bygningsteneste, Forsvarets forskingsinstitutt, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Sosial- og helsedepartementet.*

Dei fleste av høyringsinstansane som har uttala seg om realiteten i framlegget, gjev stort sett støtte til departementet sitt lovendringsframlegg. Dette gjeld *Amnesty International Norge, Den Norske Advokatforening, Flyktningerådet, Forsvarets overkommando, Justisdepartementet, Landbruksdepartementet, Landsorganisasjonen i Norge, Landsrådet for Heimevernet, Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjoner, Likestillingsombodet, Miljøverndepartementet, Norges Forsvarsforening, Norges Offisersforbund, Raudekrossen i Noreg, Ombodsmannen for Forsvaret og Utanriksdepartementet.* Utanriksdepartementet har følgjande generelle kommentar til lovendringsframlegget:

«Utenriksdepartementet er i hovudsak enig i og støtter Forsvarsdepartementets endringsforslag. Endringene vil bidra til å verne barn mot deltakelse i væpnet konflikt, et vern som fra departementets side anses som meget viktig.

Barns rettigheter er et prioritert tema i norsk utenrikspolitikk. For at Norge skal kunne være en pådriver i internasjonal sammenheng i saker vedrørende barns rettigheter, er det av avgjørende betydning at norsk lovgivning er i samsvar med de holdninger som tilkjennegis i internasjonale sammenhenger. Endringsforslagene vil bidra til å styrke en slik legitimitet. Videre er det viktig at norsk lovgivning tar høyde for det potensielle internasjonale regelverk på området.»

Amnesty International Norge skriv mellom anna:

«Amnesty International er meget positiv til at den norske regjering ønsker å endre norsk lovgivning slik at Norge ligger i forkant av utviklingen mot fremtidige nye folkerettsregler for rekruttering av barn til væpnede styrker og barns deltakelse i væpnede konflikter. (...). Amnesty International arbeider for at en tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen om barn i væpnede konflikter skal inneholde forbud mot å

utsette barn under 18 år for deltakelse i fiendtligheter, forbud mot tvungen og frivillig rekruttering av personer under 18 år til militær tjenestegjøring og forbud mot rekruttering av personer under 18 år til væpnede opposisjonsgrupper.

De foreslåtte endringene i Heimevernsloven og Vernepliktsloven synes å være i overensstemmelse med disse målsetningene. En endring av norsk lovgivning på disse punktene vil være et viktig signal om at Norge støtter det internasjonale arbeidet for å etablere en såkalt «straight 18 years standard» for rekruttering til væpnede styrker.»

Landsorganisasjonen i Norge (LO) uttalar følgjande:

«LO støtter forslaget om forbud mot rekruttering og bruk av barn under 18 år i det norske forsvaret såvel i fredstid som under beredskap og i krigstid. Heving av aldersgrensen fra 16 til 18 er et nødvendig tiltak i det internasjonale arbeidet mot bruk av barn i krigsoperasjoner. Dette er også i full overensstemmelse med LOs og mange av deres fagforbunds sterke engasjement i utarbeidelsen av den nye ILO-konvensjonen om de verste former for barnearbeid. Det er i denne forbindelse viktig at Norge er tidlig ute med de nødvendige lovendringer slik at vi med større tyngde kan arbeide for at også andre land kan ratifisere konvensjonen.

LO forutsetter imidlertid at endringene ikke får negativ innvirkning på lærlingeordningen i Forsvaret. LO vil for øvrig vise til at HV-ungdommen kan være kilde for rekruttering av motivert og dyktig befall til Forsvaret og at den spiller en nyttig rolle i redningstjenesten. Endringene bør derfor utformes slik at ikke-stridende tjeneste i HV-ungdommen fortsatt kan virke motiverende for unge med interesse for en framtidig yrkeskarriere i det norske forsvar.»

Landsrådet for Heimevernet uttalar følgjande om HV-ungdommen og konsekvensane av lovframlegget:

«Den virksomhet som HV-ungdommen driver, kan ikke ses å være av en slik art at det kommer i konflikt med det nye utkastet til HV-loven og Vernepliktsloven. I opplæringsprogrammet for HV-ungdommens virksomhet, som er utarbeidet av GIHV, inngår intet som ikke er forenlig med den foreslåtte lovteksten - i og med at HV-ungdommen ikke driver noen form for kombattant virksomhet.

Landsrådet for Heimevernet konstaterer at en betydelig del av dem som rekrutteres til HV-ungdommen, senere tar militær utdanning i forsvarsgrenene. Arbeidet som drives i organisasjonen, er således et viktig grunnlag for den totale befalssituasjonen i landets forsvar. Landsrådet mener derfor at det er svært viktig at HV-ungdommens virksomhet får fortsette som tidligere.»

Likestillingsombudet «støtter forslaget blant annet fordi dagens regelverk kan virke urimelig og uheldig for unge gutter sammenliknet med den situasjonen jenter på tilsvarende aldersnivå befinner seg.»

Norges Offisersforbund uttalar:

«Norges Offisersforbund støtter i prinsippet forslaget om forbud mot ordinær rekruttering og bruk av barn under 18 år i det norske Forsvaret. Vi forutsetter imidlertid at rekrutteringen til HV-ungdommen og bruken av lærlingeordningen i Forsvaret fortsetter uavkortet som i dag.»

Noregs Forsvarsforeining (NFF) uttalar at:

«Prinsipielt støtter NFF at barn ikke skal få kamptrening eller kunne utskrives til krig. NFF forutsetter imidlertid at lovendring ikke vil forhindre det ungdomsarbeidet som drives i Heimevernet da problemet med kampsoldater ikke har noen likhet eller sammenheng med dette arbeidet som HV driver for ungdom.»

Raudekrossen i Noreg uttalar mellom anna:

«På bakgrunn av vedtak fattet på årets Delegatråd - den internasjonale Røde Kors og Røde Halvmåne-bevegelsens policy forum - og senere i Plan of Action vedtatt av Den 27. internasjonale Røde Kors- og Røde Halvmåne konferansen, hvor det bl. a. heter at bevegelsen vil «promote the principle of non-recruitment and non-participation of children below the age of 18 years in armed conflicts», er vi meget glad for at norske myndigheter gjennom dette lovendringsforslaget har tatt en aktiv og ledende rolle i arbeidet med å få til en internasjonal aksept for å endre FN's barnekonvensjon på dette området.

Vi vil få benytte denne anledningen til å takke for det positive samarbeidet vi har hatt med sivile og militære myndigheter i denne saken.»

Justisdepartementet sluttar seg til forslaga om å heve aldersgrensa for militær teneste, og meiner at forslaget ligg innafor rammene av Noreg sine konvensjonsforpliktingar.

Dei reiser likevel spørsmål til avgrensinga mellom teoretisk og praktisk opplæring i utkastet til heimevernslova § 6 første ledd nytt anna punktum, og meiner det og bør vere eit *generelt* forbod mot opplæring i stridsrelatert verksemd for personer under 18 år.

JD meiner vidare at uttrykket «kombattant verksemd» er noko uklart, og meiner grensa for dette bør klargjerast. Dei foreslår og å nytte eit anna uttrykk enn «kombattant», da dette uttrykket etter deira meining er nytt i lovspråket. I staden foreslår dei uttrykket «stridsrelatert». Denne innvendinga er tatt til følge.

Barne- og familiedepartementet meiner at lovendingane ikkje går langt nok, sjølv om ein i hovudsak er positiv til endringsframlegga. Barne- og familiedepartementet meiner at aldersgrensa for frivillig deltaking i Heimevernet må hevast til 18 år, og uttaler mellom anna:

«Vi ser av teksten i proposisjonen at det også i dag er problematisk internasjonalt å forklare de positive sider og særtrekk ved den norske ordningen. Når aldersgrensen for rekruttering til forsvaret heves, antar vi at det vil bli enda vanskeligere å vinne forståelse for å beholde aldersgrensene for ungdommens Heimevern. Vi kan ikke se at det er lagt fram dokumentasjon som begrunner hvorfor en har valgt å opprettholde 16 år for aspiranter og 17 år for medlem i Heimevernets ungdomstjeneste.»

Dette synet vert delt av *Barneombudet*, som mellom anna meiner at personar under 18 år ikkje bør gjere teneste, heller ikkje frivillig, i Forsvaret og Heimevernet:

«Selv om det ikke følger direkte av internasjonale forpliktelser, er det likevel påkrevet for Norges vedkommende med endringer både i Vernepliktsloven og Heimevernsloven. Det er viktig at endringene blir

gjennomført snarest mulig, også på grunn av den signaleffekt dette kan ha overfor andre land. En konsekvent bruk av 18 årsgrensen i disse spørsmålene, gjør det mulig for Norge å bidra i det internasjonale arbeide for barns rettigheter på dette området med den nødvendige grad av troverdighet.

Barneombudet støtter det absolutte lovforbudet mot tvungen rekruttering av barn, men finner likevel ikke at forslaget går langt nok når det gjelder den frivillige deltakelsen.(...).

Barneombudet støtter ikke utkastets utgangspunkt, som er at barn under 18 år fortsatt skal kunne tas inn som heimevernsaspiranter. Vår begrunnelse er lovens definisjon av Heimevernet som en del av det militære forsvar. Selv om den våpenopplæringen som gis, ikke er av kombattant karakter, mener vi at enhver våpentrening for barn er uheldig når rammen rundt våpentreningen er en del av det militære forsvaret.

En sammenligning med skiskyting og skytterlag som også gir våpentrening, er etter Barneombudets oppfatning irrelevant. Her er rammen idrettslig, der kampen mot klokke og poeng er viktig. Denne kampen har ingen fiender, bare konkurrenter.

Subsidiært er Barneombudet enig i framlegget om at barn under 18 år som er i Heimevernet ikke under noen omstendighet skal kunne tas ut i kombattant virksomhet. (...).

Barneombudet er enig med Forsvarsdepartementet i at frivillige i Forsvaret eller Heimevernet ikke kan anses som rekruttert slik rekrutteringsbegrepet brukes i internasjonale forhandlinger om en mulig tilleggsprotokoll til Barnekonvensjonen. Barneombudet mener likevel at barn ikke skal være en del av organisasjoner som har kombattant virksomhet som sitt «idegrunnlag».

Den einaste høringsinstansen som heilt generelt går imot lovendringane, er *Norske Reserveoffiserers Forbund (NROF)*. NROF uttaler mellom anna:

«I departementets høringsutkast er forslaget til lovendringer først og fremst rettet mot Norges arbeid for å begrense den værste form for barnearbeid, barnesoldater. Norske Reserveoffiserers Forbund ønsker å støtte Forsvarsdepartementet i dets arbeid mot denne formen for barnearbeid og barnearbeid generelt. NROF mener dette er en sak som Norge må fortsette sitt arbeid mot, men at en endring i Heimevernsloven og Vernepliktsloven ikke er de riktige virkemidlene.

NROF mener at det ikke er riktig å gjennomføre de endringer departementet foreslår i Heimevernslovens § 4 og Vernepliktslovens § 5, slik at retten og plikten til tjenestegjøring skjer fra den dag den utskrevne fyller 18 år. Disse lovendringene vil få konsekvenser for betydningen og forståelsen av Heimevernslovens § 6 og Vernepliktslovens § 4, som har stor betydning for både rekrutteringen til offisersyrke, lærlingeordningen og ikke minst Heimevernsungdommen.

Når det gjelder departementets forslag om endring av Heimevernsloven § 6 og Vernepliktsloven § 4 er NROF uenig departementets forslag. Departementets vil helt unødvendig skjerpe loven på dette punkt da norsk lov allerede er strengere en FNs barnekonvensjon og gjeldende folkerett som har en nedre grense på 15 år for rekruttering til deltakelse i væpnede konflikter. Departementets forslag om forbud mot all frivillig rekruttering til opplæring i kombattant virksomhet for ungdom under 18 år, og fritak for alt personell under 18 år for tjeneste dersom rikets er i krig eller krig truer eller Forsvaret eller noen del av det er beordret satt på krigsfot vil få konsekvenser for deler av dagens virksomhet i Forsvaret, bl. a. Heimevernsungdommen. En endring av dagens bestemmelse om frivillig opplæring fra det år en ungdom fyller 18

til fylte 18 år oppfattes som helt unødvendige og lite relevant for det norske bidraget til å fremme arbeidet mot bruk av barnesoldater. Virksomheten til Heimevernsungdommen er i dag et meget positivt tilbud til ungdom i 16-17 års alderen og samtidig viktig for fremtidig rekruttering av befall til Forsvaret.

NB! NROF har merket seg at departementet omtaler all ungdom under 18 år som barn selv om man iht Grunnloven § 50 er stemmeberettiget det år en fyller 18. Mao innebærer FD's forslag at en har rett til å være med å bestemme hvordan Norge skal styres, men ikke rett og plikt til å forsvare de samme Grunnlovsrettigheter.

NROF ønsker å bevare norsk ungdoms mulighet til frivillig tjeneste i Heimevernet etter nåværende mønster og forstår det nye lovforslaget dithen at det vil kunne legge store begrensninger i dagens tilbud. Dagens ordning med aspirantstatus fra fylte 16 til 17 år, og HV-ungdom fra fylte 17 år og de begrensninger som ligger i denne ordningen, er som nevnt i høringsutkastet gode ordninger som hindrer ungdom å få opplæring i tjeneste som er «kombattant».

Med en lovendring som skissert i departementets forslag vil HV-ungdommens aktiviteter begrense seg til aspiranttjeneste fram til fylte 18 år, noe som vil forringe tilbudet til interessert ungdom. NROF ser derfor ingen grunn til å endre dagens lovgivning for å oppnå et større pressgrunnlag i arbeide internasjonalt for en heving av aldersgrensen fra 15 til 18 år.»

Etter Forsvarsdepartementet sitt syn bør Barne- og familiedepartementet og Barneombudet sine forslag ikkje takast til følge. Forsvarsdepartementet er prinsipielt usamd i Barneombudet sitt krav om at personar under 18 år ikkje under nokon omstende skal kunne ha eit meir eller mindre formalisert forhold til Forsvaret. Det er elles etter vårt syn viktig å syte for at lovendingane ikkje hindrar at HV-ungdommen i all hovudsak kan halde fram etter dagens mønster, av di det er svært viktig for både Forsvaret generelt og Heimevernet spesielt at ungdomstenesta ikkje vert råka av ei endring av aldersgrensa for rekruttering av personell til Forsvaret. Verksemda for ungdom i Heimevernet går heilt attende til opprettinga av HV i 1946, sjølv om organisering i eigne ungdomsgrupper først skjedde i 1959. Det er altså ei ordning med lange tradisjonar. Nedlegging av HV-ungdommen vil dessutan ha negative konsekvensar for det sivile samfunnet, mellom anna for påskeberedskapen, der HV-ungdom deltek saman med Raudekrossen i Noreg. Samtidig vil det vere uheldig i seg sjølv å avvike eit slikt positivt og aktivt tilbod til ungdom. Ein skal heller ikkje gløyme at mange HV-ungdomar seinare søker befalsutdanning i Forsvaret. HV-ungdommen er såleis med på å sikre rekrutteringa til offisersyrket i Noreg.

Departementet vil på den andre sida kome med framlegg om at det vert lovfesta både i heimevernslova og vernepliktslova at barn under 18 år ikkje under nokon omstende skal gjevast opplæring i stridsrelaterte disiplinær, og at dei ikkje skal mobiliseringsdisponerast. Grunngevinga for dette framlegget er at dersom frivillige mindreårige vert gjevne kamp- og våpentrening i fredstid, vil det truleg i praksis vere vanskelegare å unngå at desse i ein krigssituasjon vil gjere bruk av sine kunnskapar, anten dette skjer på deira eiga initiativ eller ikkje. Dette gjeld sjølv om ein har ein regel som seier at dette personellet skal verte fritekne for militærtjeneste i tilfelle krig m.m., dersom dei ennå ikkje har fylt 18 år. Etter departementet sitt syn bør barn ikkje gjevast slik trening i stridsrelaterte disiplinær. Framlegget vil likevel ikkje vere til hinder for at fri-

villig mindreårig personell vert gjevne trening og utdanning i Forsvaret i andre disiplinær, mellom anna i teknisk-militære fag.

Framlegget vil ikkje medføre endringer i utdanninga av HV-aspirantar, medan det for 17-åringane vil måtte gjerast nokre mindre justeringar i utdanningsprogrammet. Forsvarsdepartementet vil såleis understreke at lovendringsframlegga berre vil få mindre praktiske konsekvensar for norsk ungdom sin tilgang til frivillig teneste i HV-ungdomen. Departementet deler difor ikkje frykta NROF har for at lovendingane vil gjere tilbodet særleg dårlegare overfor interessert ungdom, og meiner at det neppe utelukkande er kamptrening som er avgjerande for ungdom som i dag søker seg til HV-ungdomen. Departementet vil her også vise til at framlegget til lovendingar også vert støtta av Heimevernet.

For nokre lærlinger på kontrakt vil framlegget ha visse konsekvensar. Dei fleste av desse vert kalla inn til rekruttskule etter VK 1, det året dei fyller 18 år. Etter rekruttskolen underskriv dei ei lærlingkontrakt. Delar av den opplæringa som vert gjeven på rekruttskulen, er av stridsrelatert karakter. Dette får som konsekvens at Forsvaret berre kan skrive lærlingkontrakt med personar i årskullet frå VK 1 som fyller 18 år før 1. juli, med mindre det vert laga eit skreddarsydd opplegg på rekruttskulen for 17-åringane som sikrar at dei ikkje får opplæring i stridsrelatert verksemd. *Forsvarets overkommando* peker på denne konsekvensen, men går likevel ikkje imot framlegget ut over å peike på at Sjøforsvarsstaben har «uttrykt bekymring for de lærlinger som kommer direkte frå VK I.» *Landsorganisasjonen i Norge* uttalar at dei føreset at lovendingane «ikkje får negativ innvirkning på lærlingordningen i Forsvaret», men støtter likevel framlegget om forbod mot rekruttering og bruk av barn under 18 år. *Norges Offisersforbund* forutset at «bruken av lærlingordningen i Forsvaret fortsetter uavkortet som i dag.» *Norske Reserveoffiserers Forbund* meiner at framlegget vil kunne skape problem for lærlingar i Forsvaret.

Etter ei heilskapsvurdering kan departementet likevel ikkje sjå at dei eventuelle uheldige konsekvensane for lærlingordninga, som i verste fall vil kunne halvere opptaksgrunnlaget av lærlingar til Forsvaret, veg så tungt at ein likevel bør tillate stridsrelatert trening for denne kategorien 17-åringar. Dersom ein for ei bestemt personellgruppe under 18 år opnar for unntak frå forbodet, kan dette undergrave intensjonen i lovframlegget. Det kan også innebære at forbodet vert vanskeleg å setje i verk, og dessutan gjere det svært vanskeleg å vinne internasjonal forståing for våre nasjonale reguleringar på dette området.

Departementet føreslår vidare at frivillig personell mellom 16 og 18 år straks skal fritakast frå teneste dersom riket er i krig eller krig trugar, eller Forsvaret eller nokon del av det er beordra sett på krigsfot. Det vil etter framlegget ikkje vere mogleg for dei som ønskjer det å halde fram i tenesta. Framlegget si primære grunngjeving er å unngå at dette personellet vert utsett for kamphandlingar i tilfelle væpna konflikt. Det vert understreka at dersom dette personellet under en væpna konflikt i mangel av ein slik regel i staden skulle halde fram i tenesta, ville dei etter forholda kunne bli rekna som kombattante, med den konsekvens at dei lovleg kunne verte utsett for angrep frå motparten sitt lovleg stridande personell.

Etter departementet sitt syn vil disse framlegga vere nok til å imøtegå dei innvendingane som går fram av de ovanfor siterte utdrag frå *Barne- og familiedepartementet* og *Barneombodet* sine merknader.

For HV-ungdomen sitt vedkommande vil framlegga i stort sett vere ei formalisering og synleggjering av gjeldande instruksar, og dei vil ikkje gjere det vanskelegare å oppretthalde dagens ordning. HV-ungdom vil framleis kunne bere Forsvaret si uniform når gruppa er samla til organisert verksemd. Vidare kan den våpenopplæringa ein i dag gjev til HV-ungdom (baneskyting, skiskyting og feltskyting), ikkje reknast som trening i stridsrelaterte disiplinar. Den våpenopplæringa som vert gjeve her, har meir til felles med det tilbod som sivile skyttarlag gjev. Våpentrening til så vidt unge personar vil likevel kunne vere vanskeleg å grunngi med tilstrekkeleg tyngde, sjølv om ein vektlegg at formålet med treninga er å gi ungdomen eit sunt forhold til å omgå våpen, og at treninga skjer under strengt kontrollerte omstende. Departementet har difor vurdert å heve aldersgrensa for våpentrening frå 16 til 17 eller 18 år, slik at den opplæring aspirantane i dag får på våpen kaliber .22, fell bort. Av høyringsinstansane har *Utanriksdepartementet* gått inn for at aldersgrensa for våpentrening vert heva, med den hovudgrunnngjevinga at dei forklaringsproblema ein møter i internasjonale samanhengar når det gjeld den norske ordninga med HV-ungdomen då vert redusert. Det vert også vist til *Barneombodet* sine merknader som sitert ovanfor. *Den Norske Advokatforening* er og skeptisk til den praktiske våpenopplæringa som vert gjeve til HV-ungdom, og set spørsmålsteikn ved om treninga kan seiast å ha stridsrelatert karakter og såleis verte råka av ein regel om forbod mot opplæring i stridsrelatert verksemd, slik det vert føreslått. Det heiter vidare i merknadene frå *Den Norske Advokatforening*:

«Vi har ingen grunn til å betvile at våpenopplæringen skjer i en sammenheng som gjør at departementets vurderinger for så vidt stemmer, men vi vil peke på at denne lovbestemmelsen også har en betydning i det internasjonale arbeidet. Det kan i den sammenheng være vanskelig å møte forståelse for at Norge finner våpenopplæring i heimevernet forenlig med dette lovforbudet.

Vi anbefaler derfor at departementet vurderer dette nærmere. En mulighet er å gjennomføre en organisering der all våpenopplæring og skyttetrening skjer i formell regi av sivile organisasjoner (skytterforeninger og lignende). Det er vel allerede et nært samarbeid mellom heimevernet og disse organisasjonene slike at gjennomføringen av en slik formell ordning bør la seg gjøre uten at det skaper store praktiske problemer. En annen mulighet er å endre lovteksten slik at det blir bedre sammenheng mellom lovtekst og realitet.»

Det frivillige skyttervesen (DFS) uttrykkjer på den andre sida at dei er nøgd med at departementet ikkje har funne det tenleg å innføre eit absolutt forbod mot våpentrening før fylte 17 år for HV-ungdom, samstundes som DFS ottast at verksemda deira på lengre sikt vil bli ramma av det nye lovverket:

«Det frivillige skyttervesen (DFS) vil sterkt understreke viktigheten av at lovendringene ikke knyttes opp mot den del av vår organisasjons aktivitet som er tilrettelagt for ungdom under 18 år. DFS' rekrutteringsaktivitet er av idrettslig karakter hvor ungdom får opplæring i våpenbruk med sterke sikkerhetsrestriksjoner. Skyteaktiviteten er også nært knyttet til trening for jakt og friluftsliv.»

Frå *Forsvarets overkommando* sine merknader kan nemnast:

«Generalinspektøren for Heimevernet ser for seg visse begrensninger for deler av ungdomsaktiviteten, men gir samtidig uttrykk for at endringene ikke får uakseptable konsekvenser for HV. I denne sammenheng fokuserer GIHV på departementets formuleringer og forutsetninger i proposisjonen. Han peker særlig på FDs oppfatning om at dagens våpentjeneste for HV-ungdomen (baneskyting, skiskyting, og feltskyting) ikke kan anses som trening i kombattante disipliner. Videre bemerker GIHV at departementet er av den oppfatning at HV-ungdommen i all hovedsak kan bestå etter dagens mønster, selv om lovendringen blir en realitet.»

Forsvarsdepartementet er, trass i innvendingane frå eit fåtal av høyringsinstansane, kome til at det ikkje vil vere noko god løysing å heve aldersgrensa for våpentrening. Departementet legg her vekt på at våpentreninga klart ikkje er av stridsrelatert karakter. Ramma rundt skytetreninga har konkurransepreg, og Forsvarsdepartementet er ikkje samd med Barneombodet i at ei samanlikning med skiskyting og skyttarlag ikkje er relevant. Eit absolutt forbod mot våpenopplæring før fylte 17 eller 18 år for HV-ungdom vil dessutan få negative konsekvensar for gjennomføring av militære feltsportdisiplinar, Det Frivillige Skyttervesen og skiskytingsporten. Forsvarsdepartementet ser det elles som ei urealistisk løysing at skytetrening for HV-ungdom skulle «setjast bort» til sivile skyttarlag e.l., og kan vanskeleg sjå kva for føremonar eit slikt opplegg vil ha. Tvert om vil ei slik ordning mest sannsynleg skape praktiske og økonomiske problem for gjennomføringa av utdanninga av HV-ungdom. Departementet vil difor på det noverande tidspunkt *ikkje* tilrå at det vert teke noko initiativ med sikte på å heve aldersgrensa for våpentenesta i HV-ungdomen, eller at våpentreninga i Forsvarets regi vert fjerna. Dagens ordning med at HV-aspirantar ikkje skal ha opplæring på AG-3 automatgevær, vil likevel bli ført vidare.

Dei same reglane som er omtalt ovanfor, vil og gjelde for annan frivillig teneste i Forsvaret. Dette inneber mellom anna at lovendringsframlegga ikkje vil få konsekvensar for frivillig rekruttering av personar under 18 år til Forsvarets utdanningsinstitusjonar, til dømes inntak av lærlingar etter Reform 94, så lenge personellet ikkje får opplæring i stridsrelaterte disiplinar, og så lenge ein syter for dimisjon av personellet i tilfelle beredskap og krig, jf. ovanfor om dette. Lovframlegget tek altså ikkje fullt ut sikte på å hindre at personar som ønskjer dette, kan gjere teneste i eller på annan måte ha ei formalisert tilknytning til Forsvaret før dei har fylt 18 år. Framlegget tar likevel sikte på å utelukke ein kvar sjanse for at personar under 18 år får trening i stridsrelaterte disiplinar eller får høve til å delta i stridsrelatert verksemd, både i fred, krise og krig. Slik vil ein dermed sikre at barn i tilfelle væpna konflikt ikkje vil bli utsett for kamphandlingar som følgje av at dei gjer teneste i eller har noko anna tilknytning til Forsvaret.

Som nemnd ovanfor, er det sannsynleg at Noreg vil binde seg til ei 18-års aldersgrense for frivillig rekruttering til Forsvaret ved ein eventuell ratifikasjon av den nye tilleggsprotokollen til FN sin barnekonvensjon. Spørsmålet er da om dei lovendringar som er nemnde i proposisjonen her vil vere nok til å gjere det norske regelverket i samsvar med ei slik folkerettsleg regulering. Etter departementet sitt syn vil lovendingane medføre at norsk lovgeving vil vere i samsvar med ei slik 18-års grense. Rett nok vil 16-åringar etter norsk rett

framleis kunne ha eit formalisert forhold til Forsvaret. Men dei skal altså ikkje få nokon praktisk opplæring eller på annan måte delta i stridsrelatert verksemd, heller ikkje skal dei verte mobiliseringsdisponerte/innrullerte som vernepliktige eller få lov til å halde fram i tenesta i Forsvaret i tilfelle der det kan tenkjast at Forsvaret må delta i kamphandlingar. Desse forholda gjer det klart at 16-åringar, anten det er HV-aspirantar, lærlingar eller andre, ikkje kan reknast som rekrutterte («recruited») til dei væpna styrkane, av di det må leggjast til grunn at ein person ikkje er «rekruttert» før vedkommande formelt eller de facto har vorte «medlem» av dei væpna styrkane med de rettar og plikter dette medfører.

Av di personar under 18 år etter framlegget ikkje vil vere å rekne som medlem av dei væpna styrkane, er det departementet sitt syn at dei heller ikkje skal være underlagt militær disiplinærmakt. For HV-ungdomen inneber dette ingen endringar, då ein heller ikkje tidlegare har meint at aspirantar og ungdom i HV-ungdomen var omfatta av lov om militær disiplinærmyndighet. Det vil heller ikkje vere naturleg å rekne frivillige under 18 år som «ved rikets vebnede makt ansette eller dertil hørende personer» eller å gjere «tjeneste ved den vebnede makt eller følger avdeling av samme», slik det følgjer av den militære straffelov § 9 nr. 1 og 3.

Departementet vil likevel understreke at det å nekte personar under 18 år å gjere teneste i landets væpna styrkar, ikkje på nokon måte kan reknast som eit inngrep i den einskilde sin rett til sjølvforsvar i ein krigssituasjon.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovframlegga vil ikkje få administrative eller økonomiske konsekvensar. Einskilde administrative og datatekniske handgrep, som sikrar at den einskilde ikkje må møte til teneste før vedkommande har fylt 18 år, må truleg gjerast av Vernepliktsverket. Ein reknar likevel med at det er ei relativt enkel oppgåve å syte for dette.

9 Merknader til dei einskilde paragrafane

Heimevernslova § 4

Regelen i heimevernslova § 4 omhandlar plikta til å gjere teneste i Heimevernet. Tredje ledd fastset i dag at også menn under vernepliktig alder har tenesteplikt i Heimevernet i krig, frå og med det året dei fyller 18. Det vil seie at nokre grupper 17-åringar kan kallast inn til pliktig teneste i krigstid. For å sikre ei ufråvikeleg 18 års grense for tvungen teneste, føreslår departementet at tredje ledd i § 4 endrast slik at tenesteplikta først startar den dagen vedkomande fyller 18 år.

Det er *tenesteplikta* som startar frå og med den dagen vedkomande fyller 18 år. Med andre ord vil personar under 18 år ikkje lenger kunne verte rekrutterte til teneste i Heimevernet. Det må likevel understrekast at ein med tenesteplikt her siktar til den *faktiske* rekrutteringa, det vil seie det tidspunktet ein personleg må møte til militærtjeneste eller på annan måte fysisk startar den militære tenesta i dei væpna styrkane. Formalia spelar her ingen rolle med omsyn til innlemminga i Forsvaret.

Derimot råker regelen ikkje personar som vert tekne inn som frivillige. Frivillig teneste vert regulert av lova §§ 5 og 6. Den endringa som er føreslått i § 4 vil difor ikkje forby tilsetjing av barn ved kontrakt eller anna frivillig teneste i Heimevernet, til dømes i HV-ungdomen.

Framlegget vil på den andre sida ikkje hindre Forsvaret i å setje i verk tiltak som tek sikte på *førebuing* av tenesteplikta gjennom mellom anna gjennomføring av sesjon, klassifisering, innrulling, utskriving, opptaksprøver og andre testar, administrativ fordeling av personellet, utsending av rekrutteringsmateriell m.m., sjølv om vedkomande på tidspunktet for det førebuande tiltaket ennå ikkje har fylt 18 år.

Heimevernslova § 6

Om grunngjevinga for heimevernslova § 6 viser ein til pkt. 7 ovanfor.

Om tydinga av uttrykket «stridsrelatert verksemd», som vert nytta i lovframlegget, vil Forsvarsdepartementet seie følgjande:

Uttrykket er nytta som ei avgrensing mot dei disiplinær frivillige mindreårige i Heimevernet ikkje skal gjevast opplæring i, eller på annan måte delta i, før dei fyller 18 år. Uttrykket må tolkast i lys av føremålet med regelen, som er at barn under 18 år ikkje skal gjevast opplæring eller på annan måte delta i verksemd som gjer det vanskelegare å unngå at disse i ein krigssituasjon vil gjere bruk av sine kunnskapar. Det er meint å dekkje militære strids- og våpenteknikkar, deltaking i felttjenesteøvingar der stridselementet er ein vesentleg del og liknande operativ verksemd. *Justisdepartementet* seier i sine merknader at det er noko uklart kva som faller inn under forbodet, og viser mellom anna til at Forsvarsdepartementet har føresett at dagens våpentrening for HV-ungdom kan halde fram, medan opprekninga i føreseigna til lov om Heimevernet pkt. 42 peiker nærast i retning av at til dømes våpentrening fell utanfor dei «ikkje-stridsrelaterte» disiplinær. Justisdepartementet meiner difor at

uttrykket bør klargjerast i motiva. Problemstillinga er også omtala i merkna-
dene til *Reserveoffiserers Forbund*, som peikar på at dagens HV-ungdom i 16-
17 års alderen kan «bli lidende ved en strengere tolkning av loven enn det
departementet legger til grunn i sitt høringsutkast.»

Til dette vil Forsvarsdepartementet seie at det vanskeleg kan la seg gjere
å trekkje opp retningslinjer i motiva som kan løyse alle tvilsspørsmål. I praksis
vil det truleg oppstå gråsoner der det kan reisast spørsmål om ein bestemt dis-
iplin/verksemd er å rekne som stridsrelatert eller ikkje. Dette kan etter For-
svarsdepartementet si vurdering best løysast gjennom en nærare regulering
gjennom endringer i føresegn til heimevernslova, eventuelt gjennom retnings-
linjer som kan gjevast av Forsvarets overkommando. En slik løysing synest
også *Ombodsmannen for Forsvaret*, som i sine merknader viser til merkna-
dene frå Forsvarets Ombodsmannsnemnd, å vere inne på. Det heiter her mel-
lom anna: «Nemnda vil også anta at det i forskriften til § 6 bør gis nærmere vei-
ledende bestemmelser om hvilke opplæringstilbud Heimevernet kan by sitt
frivillige personell under 18 år.»

Til spørsmålet om våpentrening fell utanfor eller innanfor uttrykket
«stridsrelatert verksemd», vil Forsvarsdepartementet likevel seie at ein i alle
fall har tolka gjeldande føresegn slik at våpentreninga til HV-aspirantane *ikkje*
vert rekna for stridsrelatert verksemd. Ein viser også til departementet sine
vurderingar av våpentreninga i pkt. 7 ovanfor.

For HV-aspirantane sitt vedkomande er grensa for dette også omhandla i
føresegna til heimevernslova, jf. Kgl. res. 30. april 1999 nr. 431 pkt. 42, der det
mellom anna heiter:

«Opplæringsprogrammet skal omfatte ikke-kombattante disipliner så
som fysisk trening, sanitetstjeneste, sambandstjeneste, friluftsliv og in-
formasjon om Heimevernet.»

Generelt kan ein også seie at aktivitetar som sjølvforsvar, feltskyting, bivuakk-
teneste, orienteringsløp med eller utan skyting, fjellklatring m.m. ikkje kan
reknast som stridsrelaterte, av di dei ikkje primært rettar seg mot opplæring i
strid eller stridsteknikkar, og av di dei har klare parallellar til sivile aktivitetar
og idrettar. Opprekninga av kva som skal reknast som ikkje-stridsrelaterte dis-
iplinar, gjev også ein peikepinn med omsyn til kva som reknast som stridsre-
latert verksemd. Som døme på aktivitetar som må reknast som stridsrelatert,
kan ein likevel nemne skytetrening som er meir direkte knytt til kamp, mili-
tære stridsteknikkar, taktikk m.m.

Departementet legg til grunn at ein skal forstå uttrykket i framlegget til
nytt andre punktum i heimevernslova § 6 første ledd på same måte som den
avgrensinga som er gjort i føresegna til heimevernslova, og meiner at framleg-
get til lovendring ikkje vil medføre et forbod mot å gi mindreårige opplæring i
enkle militære disiplinar som ikkje direkte omfattar stridsopplæring eller
stridsrelatert verksemd.

Forbodet som vert føreslått er eit forbod mot opplæring eller deltaking i
stridsrelatert verksemd. I departementet sitt høyringsbrev var det i utgangs-
punktet føreslått at forbodet berre skulle gjelde *praktisk* opplæring eller del-
taking i stridsrelatert verksemd, med den grunngjevinga at det neppe vil være
mogleg eller ønskjeleg å oppstille eit lovforbod mot at personer under 18 får
ei *teoretisk* innføring om militære stridsteknikkar, taktikk osv. På bakgrunn av

merknader frå *Justisdepartementet* og *Ombodsmannen for Forsvaret* har Forsvarsdepartementet likevel kome til at ein vil føreslå et generelt forbod mot opplæring i stridsrelatert verksemd. Forbodet vil difor i utgangspunktet også ramme teoretisk opplæring. Det vil kunne skape ei rekkje problem for fortolkinga å oppretthalde eit skilje mellom praktisk og teoretisk opplæring. Det er vidare ingen spesielle grunnar som talar for at barn under 18 år bør få ei systematisk teoretisk opplæring i stridsrelaterte disiplinar i Forsvaret. Føremålet med regelen gjev heller ikkje nokon grunn til å skilje mellom praktisk og teoretisk opplæring. Departementet viser i denne samanheng til merknadene frå *Ombodsmannen for Forsvaret*, som viser til ei erklæring vedtatt av Forsvarets ombodsmannsnemnd. Her heiter det mellom anna:

«Hensett til framleggets formål om å hindre opplæring og teneste for stridende oppgaver av personer under 18 år, vil nemnda anbefale at begrepet «praktisk opplæring» endres til «opplæring». Ved en slik endring vil loven også hindre teoretisk opplæring i «kombattant virksomhet» og derved sikre mot eventuell mistanke om at Norge likevel gir personer under 18 år opplæring for stridende formål.

Nemnda tillater seg også å bemerke at den raske utvikling, særlig innen data og simuleringsteknologi, er i ferd med å utviske de tidligere forskjeller mellom teoretisk og praktisk opplæring.»

Vidare føreslår departementet at frivillige i Heimevernet som ikkje har fylt 18 år, straks skal fritakast frå teneste dersom riket er i krig eller krig truar, eller Forsvaret eller nokon del av det er beordra sett på krigsfot. Formuleringa «skal fritakast frå teneste» er å forstå som et absolutt påbod om at dette personellet under slike omstende skal verte beordra frå tenesta/ikkje innkalla til ny teneste, slik at personane ikkje skal kunne reknast som «medlemmer» av dei væpna styrkane. Det vil ikkje vere høve for dei som ønskjer det å halde fram i tenesta. Regelen krev aktive tiltak frå Forsvaret si side. *Den Norske Advokatforening*uttalar dette om regelen i sitt høyringssvar:

«Advokatforeningen vil her nøye seg med å peke på at denne bestemmelsen forutsetter en beslutning om fritakelse. Det synes derfor behov for å avklare den frivilliges rettslige posisjon dersom en slik beslutning om fritakelse av en eller annen grunn ikke treffes. Det bør i hvert fall klargjøres at barn under 18 år ikke kan straffes for å nekte å følge en ordre i en situasjon der de etter loven skulle vært fritatt fra tjenesten. Det bør også avklares om barn under 18 år på eget initiativ kan eller bør forlate tjenesten dersom en krigssituasjon som beskrevet oppstår.»

Forsvarsdepartementet er usamd i at regelen føreset ei avgjersle om fritak. Dei andre problemstillingane Advokatforeningen reiser, vil likevel ikkje bli sett på spissen, av di personell under 18 år - som altså ikkje vil vere underlagt noko militært straffe- og disiplinærsystem - når som helst og med umiddelbar verknad kan avslutte tenesta. Til dømes kan HV-ungdom i dag når som helst slutte i tenesta utan at Forsvaret kan gjere noko med dette. Opplæringa skal være et tilbud og ingen tvang. Dersom framlegga til lovendringar vert vedtekne, legg departementet til grunn at dei same prinsippa vil gjelde for alt frivillig personell under 18 år som har ei tilknytning til Forsvaret. Det er difor klart at barn under 18 år ikkje kan verte straffa for å nekte å følgje ordre i ein situasjon der dei etter lova er fritekne frå teneste, men der Forsvaret av ein eller

annen grunn ikkje har sytt for å treffe og gjennomføre avgjersle om fritak. *Jus-
tisdepartementet* har i sin merknad tatt opp følgjande problemstilling:

«Bestemmelsen reiser et spørsmål som ikke synes å være berørt i hø-
ringsnotatet, nemlig spørsmålet om hvordan stillingen blir dersom en
som er dimittert etter første ledd fyller 18 år på et tidspunkt hvor det
fremdeles er krig eller fare for krig. Forutsetningen for at problemstil-
lingen skal bli aktuell er at den frivilliges opprinnelige tjenestetid ikke
er utløpt. Spørsmålet om vedkommende kan pålegges å utføre videre
tjeneste, bør drøftes i motivene.»

Forsvarsdepartementet legg til grunn at frivillige under 18 år som er fritekne
for teneste etter denne regelen kan verte innkalla til ordinær teneste etter dei
vanlege reglane, dersom vilkåra for slik innkalling føreligg på tidspunktet for
innkalling, mellom anna at vedkommande i mellomtida vil ha fylt 18 år. Det
føreligg ingen gode grunnar for at personell skal vere fritekne lenger enn for-
målet med regelen rekk. Denne løysinga følgjer også direkte av ordlyden i den
regelen ein føreslår, av di denne berre vil gjelde for personell som ikkje har
fylt 18 år.

Fritak skal skje straks riket er i krig eller krig truar eller Forsvaret eller
nokon del av det er beordra sett på krigsfot. Sannsynlegvis kunne det vere nok
at fritak skal skje dersom riket er i krig eller krig truar. Forsvarsdepartemen-
tet ønskjer likevel å syte for at barn som i fredstid gjer teneste i Forsvaret vert
fritekne på eit så tidleg tidspunkt som mogleg i utviklinga av ei alvorleg tryg-
gingspolitisk krise, og føreslår difor at fritak frå teneste skal skje dersom For-
svaret eller nokon del av det på eit eventuelt tidlegare tidspunkt vert beordra
sett på krigsfot. Slik reduserer ein sjansen for at barna skal hamne som delt-
akarar i kamphandlingar før fritaksprosessen er gjennomført.

Departementet viser også til at bruken av utrykka i framlegget stort sett
svarar til dei kriteria som er nytta i vernepliktslova § 15 om plikt til å gjere
krigsteneste. Det er nettopp krigs- og krigsliknande teneste lovendringa skal
syte for at personar under 18 år ikkje skal delta i. Elles legg departementet til
grunn at formuleringa «krig eller krig truer» i § 6 første ledd anna punktum i
framlegget, er å oppfatte som «krig eller fare for krig» i paragrafen sitt andre
ledd.

Departementet tek sikte på at ein kan førebu tenestefritak for dette perso-
nellet og inngå som eit konkret tiltak i det som heiter «Beredskapsbestemmel-
ser for Forsvaret» (BFF). Uavhengig av om det skjer gjennom iverksetjing av
eit beredskapstiltak eller ikkje, legg departementet dessutan til grunn at ten-
estefritak for så vidt få personar, vil kunne gjennomførast på ein slik måte at
tiltaket i seg sjølv og overfor publikum generelt ikkje vil skape inntrykk av at
norske styresmakter ser situasjonen som ein mogleg krigsfare, noko som
etter omstenda ville kunne skape negative konsekvensar. Ein understrekar
difor at framlegget inneber at barn under 18 år skal ha fritak frå teneste på eit
relativt tidleg tidspunkt i utviklinga av ei krise, altså sjølv om situasjonen ikkje
er av ein slik karakter at norske styresmakter utan vidare vurderer den som
ein mogleg krigsfare.

Forsvarsdepartementet føreslår at heimevernslova § 6 andre ledd første
punktum vert endra tilsvarande som i heimevernslova § 4 tredje ledd. Ein viser
her til merknadene til heimevernslova § 4.

Vernepliktslova § 4

Framlegget til endringer i vernepliktslova § 4 første ledd er utforma og grunna likt med framlegget til endringer i heimevernslova § 4 tredje ledd. Ein viser difor til merknadene til heimevernslova § 4.

Framlegget til nytt femte ledd i vernepliktslova § 4 er identisk med framlegget til nytt anna punktum i heimevernslova § 6 første ledd. Departementet viser til merknadene ovanfor til denne regelen.

Vernepliktslova § 5

Framlegget til endringer i vernepliktslova § 5 første ledd anna punktum er utforma og grunna likt med framlegget til endringer i heimevernslova § 4 tredje ledd. Ein viser difor til merknadene til heimevernslova § 4.

Iverksetjing

Før lovendringane kan tre i kraft, vil det vere naudsynt å syte for at føresegnene til heimevernslova og vernepliktslova vert tilpassa endringane. Departementet føreslår difor at lova trer i kraft frå den tid Kongen fastset.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt (heving av aldersgrenser for militær teneste).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt (heving av aldersgrenser for militær teneste) i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Forsvarsdepartementet ligg ved.

Forslag til lov om endringer i lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt (heving av aldersgrenser for militær teneste)

I

I lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet vert det gjort følgjande endringar:

§ 4 tredje ledd skal lyde:

I krig har også menn under vernepliktig alder tjenesteplikt i Heimevernet frå og med den *dag* de fyller 18 år, når de fyller vilkårene etter første ledd nr. 2.

§ 6 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Frivillige som ikke har fylt 18 år, skal likevel ikke gis opplæring eller delta i stridsrelatert virksomhet, og skal straks fritas fra tjeneste dersom riket er i krig eller krig truer eller Forsvaret eller noen del av det er beordret satt på krigsfot.

§ 6 andre ledd første punktum skal lyde:

Hvis krig eller fare for krig inntre i dette tidsrom, er de frivillige *som har fylt 18 år* etter Kongens nærmere bestemmelse forpliktet til å fortsette på samme vilkår ut over den påtatte tjenestetid så lenge forholdene gjør det nødvendig.

II

I lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt vert det gjort følgjande endringar:

§ 4 første ledd skal lyde:

Uten hensyn til bestemmelsen i § 3 første punktum kan Kongen i krig eller når krig truer bestemme at verneplikten skal inntre *fra den dag* i utskrivningsåret *vedkommende fyller 18 år*.

§ 4 nytt femte ledd skal lyde:

Frivillige som nevnt i annet, tredje og fjerde ledd, men som *ikke har fylt 18 år*, skal ikke gis opplæring eller delta i stridsrelatert virksomhet, og skal

Om lov om endringer i lov 17. juli 1953 nr. 28 om Heimevernet og lov 17. juli 1953 nr. 29 om verneplikt
(heving av aldersgrenser for militær teneste)

straks fritas fra tjeneste dersom riket er i krig eller krig truer eller Forsvaret eller noen del av det er beordret satt på krigsfot. § 5 første ledd anna punktum skal lyde: I denne er enhver tjenestedyktig mann som ikke tilhører de faste oppbud (§ 2) tjenestepliktig fra og med *den dag* han fyller 18 år til og med det år han fyller 55.

III

Lova trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer.
